



Marit og Irene - songevangelistar med stor appell

**Det var på Døsland i Uskedalen Indremisjonssamskipnaden  
vart starta for 150 år sidan, men jubileet skal markerast på Husnes.  
Det vert ei storslagen feiring med historisk revy, fest,  
Øystein-show, lotteri og bok, den siste vart omtala i går**



Forkynninga er berebjelken som må førast vidare, seier Tormod Myklebust

Jan-Ove Fagerheim er formann i arrangementskomiteen og han lovar ein fengjande formidling av den glade budskapen.

Det har no vore stordugnad og klargjering av sendingar som vil bli lagt i postkassene og innehalde Øystein-cd og informasjon om jubileumshelga som er den nest siste helga i juni.

Øystein er ei dokke som buktalaren Chris Duwe skapar liv i.

I 2012 vart noko av vekkingsselden opplevd i Uskedalen og den vert omtala i jubileumsboka.

Marit Stokken og Irene Krokeide Alnes måtte utvida møteaksjonen sin og kristenfolket opplevde fornying, blir det slege fast i boka.

Men samstundes vert det konstatert at vekkingar av denne typen er langt sjeldnare enn før.

Tormod Myklebust seier i boka at det vart vel ikkje så mykje synleg resultat, men mange av dei kristne fekk eit fornya syn på Jesus og vart bevisste på at vi lever blant menneske som treng å møte han til frelse. - Dette vart veldig alvorlig for oss gjennom forkynninga som vart boren fram, seier uskedelingen. Han leia i møteaksjonen som måtte forlengast med fleire veker.

- Det er ei god stund sidan slikt har skjedd her hjå oss, Men det var mange som bad om at ting måtte skje og at det skulle ta tak i oss. Vi gjekk også breitt ut med invitasjon og opplevde at det kom folk frå ulike bygder, påpeikar Myklebust.

Forkynninga har vore berebjelken i indremisjonen sitt arbeid og må først vidare også i vår tid, held han fram

Teks, foto og nett: Ola Matti Mathisen